



Arkivverket  
PB. 4013 Ullevål Stadion  
0806 OSLO

Dykkar ref:

Dykkar dato:

Vår ref:

20/646/ AVA


Dato:

25.03.2024


## Sluttapport for arkivutviklingsprosjektet "Virke sådan i det stille» - Sanitetsarkivprosjektet i Møre og Romsdal

### Bakgrunn for prosjektet

Norske Kvinners Sanitetsforening, og andre frivillige organisasjonar, var heilt avgjerande i oppbygginga av det norske velferdssamfunnet. Dei bidrog til utdanning av fagfolk på helse- og sosialfeltet (sjukepleiarar, samarittar, helsesøstre). Dei bygde og dreiv ei rekke institusjonar både i kampen mot tuberkulosen, men også innan revmatisk sjukdom, MS, psykiatri, demens – og sto i spissen for ei rekke tiltak i lokalsamfunna sine: folkebad, helsehus, fødestover, jordmorteneste, skuletannpleie, legeteneste osv. Så tok det offentlege etterkvart over alt dette som i stor grad var bygd opp på dugnad. Det er eit arbeid det står enorm respekt av. Og ein innsats vi i dag har vanskeleg for å fatte kunne vere mogleg å få gjennomført. Dette er ein veldig stolt arv og ei stolt historie som alle, og ikkje minst dei som no veks opp, må kjenne til. Denne historia har ei betydning både i forhold til enkeltpersonar sin identitet, eit lokalsamfunn sin identitet og som del av ei nasjonal historie. I og med at denne historia ligg i arkiva, så bestemte IKAMR og NKS Møre og Romsdal seg for å samle inn foreiningsarkiv frå heile fylket, ordne og tilgjengeleggjere dei.



Frå uordna til digitiserte sanitetforeningsarkiv.  
 Foto: Åsta Vadset, IKAMR og Piotr Cabaj, SEDAK / IKAMR



Screenshot av møtebøker på digitalarkivet.no

## **Finansiering**

Hausten 2020 sende IKAMR inn ein søknad til Arkivverket, om arkivutviklingsmidlar. Vi fekk innvilga søknaden på 322 000 kr. For dei midlane skulle vi ordne sanitetsarkiva, eksportere arkivliste til arkivportalen.no og digitisere møtebøker og årsmeldingar – for så og publisere dei på digitalarkivet.no. På denne måten får publikum tilgong til historia til sanitetsforeiningane. NKS Møre og Romsdal har bidrege med 70 000 kr. For å få fullført prosjektet har IKAMR etter styrevedtak bidrege med 80 000 kr.

Sjå eigen økonomidel under.

## **Organisering og gjennomføring**

Målet med prosjektet var bevaring, tilgjengeleggjing og bruk av arkiva etter sanitetsforeiningane i Møre og Romsdal. Dette først gjennom innsamling og bevaring ved IKAMR – og tilgjengeleggjing av møtebøker og årsmeldingar på internett. Ved IKAMR har vi den fagkompetansen, både på arkiv, digitalisering og nett, som trengst for å gjere denne jobben.

Arbeidet starta med innsamling av arkiv hausten 2020. Hovudsakleg vart arkivmateriale samla inn og deponert til IKAMR av NKS Møre og Romsdal, men òg direkte frå lokallag som framleis er aktive. Innsamlinga heldt fram gjennom heile prosjektet, heilt fram til februar 2023, og det vart i alt over 25 leveringar av arkiv.

Ordningsarbeidet starta òg i 2020 og vart gjort samstundes med innsamlinga av arkiv. Ein har følgd Norsk Allment Arkivskjema så godt det let seg gjere. Særskilte retningslinjer for ordninga var å opprette 3 seriar under A, Aa for møtebøker, Ab for årsmeldingar og Ac for møtebøker og årsmeldingar. Dette fordi fleire av foreiningane ofte inkluderte årsmeldingane sine i møtebøkene, og det syntest hensiktsmessig å skilje dei. Ordninga bestod av å fjerne plast og metall, legge materialet i nye mapper og esker, etablere ei struktur, registrere arkivet i Asta, og til slutt etikettering. I løpet av arbeidet vart mange aktørar skilde ut som eigne arkivskaparar, som institusjonsarkiv og underforeiningar. Arkivlistene vart publiserte til arkivportalen.no Med arkiva ordna og registrert, var det klart for digitisering.

## **Digitisering**

Det er avfotografert 45.730 sider frå totalt 669 arkivstykker. Digitiseringsarbeidet inneber rigging av utstyr og lys, fargejustering, digitisering (400 PPI) klipping, kvalitetskontroll og fileksport + generering av PDF/A. Sikkerhetskopi til server.

## Resultat

119 foreiningsarkiv (inkl institusjonsarkiv, kontrollstasjon for småbarn, ulike underforeiningar, bad, barnehagar) er samla inn. Dette utgjer totalt 34 hyllemeter. Nokre få foreiningar sende inn berre det som skulle digitiserast, møtebøker og årsmeldingar, for så å få det tilbake.

Alle arkiva er ordna og registrerte i arkivlister i Asta. Arkivlistene er publiserte til arkivportalen: [https://www.arkivportalen.no/contributor/no-IKAM\\_arkiv\\_00000602686?ins=IKAM](https://www.arkivportalen.no/contributor/no-IKAM_arkiv_00000602686?ins=IKAM)

Tilsaman er det digitisert 45.730 sider frå møtebøker og årsmeldingar, frå 669 ulike arkiveiningar. 203 av desse er så langt publiserte til digitalarkivet: [www.digitalarkivet.no](http://www.digitalarkivet.no)

## Formidling

- Sanitetsarkivprosjektet har fått godt med medieomtale i lokalaviser i fylket vårt og på NRK Møre og Romsdal tv, radio og nettavis.
- Privatarkivrådgjevar har heldt foredrag for sanitetsforeningar, historielag og andre i frivillig sektor om dette prosjektet.
- Etter søknad frå IKAMR fekk Vikebygda sanitetslag sitt arkiv ein plass i Norges dokumentarvregister. Dette fekk også ein del medieomtale i Møre og Romsdal – NRK radio og lokalaviser.
- Det vart skriva ein artikkel i arkivtidsskiftet Aksess (nr 3 i 2023) om plasseringa av Vikebygda sanitetslag sitt arkiv i Norges dokumentarkivregister.
- Reportasje om Sanitetsarkivprosjektet i Møre og Romsdal i Fredrikke, medlemsbladet til Norske Kvinners Sanitetsforening (nr 1, 2023).



Frå tildelinga av plassen i Norges dokumentarvregister, ved Litteraturhuset i Oslo 1. desember 2022. Representantar frå NKS og IKAMR. Foto: Roger Johansen, Norsk kulturråd.



Fylkesstyret i NKS Møre og Romsdal jublar for tildelinga fra Arkivverket. Frå venstre fylkesleiar Elinor Bolme saman med styremedlemmene Solbjørg Varpe Naalsund (Straumsnes sl), Margaret Berg (Molde sf) Siw Ulstein (Ulsteinvik sf) og Heidrunn Avdem (Molde sf)

Screenshot frå avisa Driva, desember 2020.



Frå Fredrikke, medlemsbladet til Norske Kvinners Sanitetsforening (nr 1, 2023).

## Erfaringar

Då IKAMR sende inn søknaden hadde vi, på grunn av koronasituasjonen, ikkje fått samla inn noko sanitetsarkiv. Vi hadde derfor inga aning om mengde verken på hyllemeter eller sider til digitisering. Vi gjorde eit litt ukvalifisert estimat, som synt seg å vere for knapt. Når prosjektet no vert avslutta er her 119 arkiv i samlinga til NKS Møre og Romsdal. Dette har ført til at vi har måtte finne andre finansieringskjelder for å fullføre prosjektet – og prosjektet har dradd ut i tid. Det løner seg sjølv sagt å ha alt arkiv samla på ein plass og ha god oversikt over materialet før ein søker midlar.

Grunna koronasituasjonen vart det heller ikkje leita i arkivet til NKS, som ligg ved Riksarkivet, etter talet og namna på dei ulike lokalforeningane som har eksisert i Møre og Romsdal. Dette er noko vi hadde ønska å gjere før prosjektet starta – og som hadde gjort leiting etter og seinare bevaring av dei ulike lokalarkiva meir målretta.

Privatarkivrådgjevar kunne også ha fulgt fylkesstyret betre opp i omsyn til innhenting av arkiv, noko der ikkje var ressursar til.

Metoden vi har brukt i sanitetsarkivprosjektet, med å samarbeide med fylkesleddet, er noko vi ser har vore eit godt grep. Dette har vi vidareført i samarbeid med andre organisasjonar i fylket vårt.

## Jaktar etter unik kvinnehistorie

Det blir leitt i gamle kommodeskuffer og arkivskap i jakta på gløymd kvinnehistorie. No skal innsats frå oldemors tid fram i lyset.



Åsta Vadset seier adrenalinet stig i kroppen kvar gong ho opnar ei gamal bok full av notat om aktiviteten kvinner i sanitetslaga har stått for. – Det er ikkje lite!

FOTO: ØYVIND BERGE SÆBJØRNSEN / NRK



**Sissel Beate Brunstad**  
@SisselBrunstad  
Journalist

Vi rapporterer frå Kristiansund, Aure og Ålesund

Publisert 18. mai 2021 kl. 07:56

Screenshot frå NRK, våren 2021.

## Økonomi

Forprosjekt – NKS Møre og Romsdal – ordning og digitisering. Forprosjektet vart oppretta i regnskapet vårt og prosjektoversikta vår før vi fekk Arkivutviklingsmidlar til hovudprosjektet - Virke sådan i det stille.

### Budsjett forprosjekt – NKS Møre og Romsdal

<b>NKS – NKS Møre og Romsdal – forprosjekt</b>	
<b>Budsjett utgifter</b>	
Lønn/timer ordning	50 000,-
Digitisering	20 000,-
Sum	70 000,-
<b>Budsjetterte inntekter</b>	
NKS	70 000,-
Sum	70 000,-

### Regnskap forprosjekt – NKS Møre og Romsdal

<b>NKS – NKS Møre og Romsdal – Pilot/oppstart</b>	
<b>Utgifter</b>	1773,-
Lønn/timer ordning 2021	48250,-
Digitisering - overført til hovudprosjektet 2069	20000,-
Sum	70 023,-
<b>Inntekter</b>	
NKS 2020	50 000,-
NKS 2022 - overført til hovudprosjektet 2069	20 000,-

Hovudprosjektet 2069 – Virke sådan i det stille – Sanitetsarkivprosjektet i Møre og Romsdal.

### Budsjett - NKS - Virke sådan i det stille

<b>Arkivutviklingsmidler – NKS - Virke sådan i det stille</b>	
<b>Budsjetterte utgifter</b>	
Lønn/Timer	400 000,-
Reiseutgifter	10 000,-
Digitalisering	100 000,-
Materiell	12 000,-
Sum	522 000,-
<b>Budsjetterte inntekter</b>	
Arkivutviklingsmidler	322 000,-
Egeninnsats	150 000,-
NKS (inklusive Piloten)	50 000,-
Sum	522 000,-

### Rekneskap - NKS - Virke sådan i det stille

<b>Arkivutviklingsmidler – NKS - Virke sådan i det stille</b>	
<b>Utgifter</b>	
Lønn/Timer	427941,-

Reiseutgifter	0,-
Digitalisering	106 549,-
Materiell	13 493,-
Sum	547 983,-
<b>Inntekter</b>	
Arkivutviklingsmidler	322 000,-
Overføring frå Privatarkiv sitt driftsbudsjett og Privatarkivfond (reine midler)	144 504,-
Egeinnsats IKAMR ved Privatarkiv (prosjektleiing/privatarkivar) administrasjon (timer, lønn, regnskap).	61479
NKS (se og oppstart objekt 2066 Pilot 50 000,-). Totalt 70 000,-	20 000,-
Sum	547 983

IKAMR ved Privatarkiv har gått inn med reine midlar frå både drift av Privatarkivordninga og Privatarkivfond for å ferdigstille dette prosjektet. Desse pengene vart brukt til vidare innleige av prosjektmedarbeidar. Leiinga og styret ved IKAMR støtta denne vurderinga for å få fullført og avslutta dette omfattande prosjektet. Det var budsjettert med 150 000,- i egeninnsats og totalt vart det brukt kroner 144 504,- i reine midlar og eigeninnsats på 61 749,- i prosjektleiing/privatarkivar og administrasjon. Totalt 205 983,-

Vi har ikkje klart å tallfeste eigeninnsatsen til NKS, men vi vil framheve at det er lagt ned eit betydelig arbeid frå NKS Møre og Romsdal og lokallaga rundt om i fylket (innsamling) si side. Uten eit så stort innsamlingsarbeid ville det ikkje blitt eit så godt prosjekt. I tillegg har Kulturnett ved IKAMR utført kvalitetskontroll av digitsert materiale og lasta opp til Digitalarkivet uten kostnad for prosjektet (ca. 3 vekerverk).

I budsjettet var det også ført opp reiseutgifter, men det viste seg at ein kunne hente inn sanitetsarkiv ved å kombinere annan reiseaktivitet. Derfor er reiseutgiftene null.

Sjå vedlegg:

1. Revisorsberetning 2021 – Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
2. Revisjonsmelding, årsmelding og regnskap 2021
3. Revisorsberetning 2022 – Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
4. Revisjonsmelding, årsmelding og regnskap 2022
5. Revisorsberetning 2023 – Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
6. Revisjonsmelding, årsmelding og regnskap 2023

## Avslutning

Dette har vore eit både innhaldsrikt, utfordrande og lærerikt prosjekt. Det starta ut under koronapandemien, noko som sette begrensingar på både metodikk og framdrift.

Samarbeidet med Norske Kvinners Sanitetsforening Møre og Romsdal har vore svært viktig både for dette prosjektet og i arbeidet vårt framover med forenings- og organisasjonarkiv i Møre og Romsdal. Prosjektet har gitt oss ei mulighet til å prøve ut innsamlings- og forvaltningsmetodikk blant anna. Det har også skapt entusiasme og bevissthet rundt historia til NKS både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Uten den økonomiske støtta som utviklingsmidlane utgjer ville vi ikkje ha fått verken heva den arkivfaglege kompetansen vår på private arkiv eller utført konkret bevarings- og formidlingsarbeid knytta til dette feltet. Erfaringane vi har gjort oss undervegs har stor overføringsverdi for arbeid med private arkiv både i vårt fylke og for resten av arkivmiljøet.

Tusen takk!

Helsing

Åsta Vadset  
rådgjevar, private arkiv  
asta.vadset@ikamr.no  
406 18 600



*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til:**

Arkivverket

**Vedlegg:**

06-22 Revisjonsmelding - årsmelding og rekneskap 2021_revidert 02	1375217	25.03.2024
Sak 5-2021 Revisjonsmelding - årsmelding og rekneskap 2020	1375218	25.03.2024
Sak 06_23 A Revisjonsmelding	1375219	25.03.2024
Sak 06_23 B Årsmelding og rekneskap 2022	1375220	25.03.2024
Sak 26_24 Revisjonsmelding - årsmelding og rekneskap 2023 - signert	1375221	25.03.2024
Sak 26_24 Uavhengig revisors beretning 2023 - Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS	1375222	25.03.2024

